



## Referat

### Styremøte 31. oktober 2017 – Thon Hotel Oslo Airport

Desse deltok: Harald Lie, Finn Egil Adolfsen, Linda Kristin Oppedal, Bodil Mannsverk, Aud Fossøy og Tor Inge Eidesen. Frå administrasjonen deltok Frode Alfarnes, Romar Skeie Olsen og Trude Soma Augestad.

Sak 55/17 **Godkjenning av protokoll frå førre styremøte**  
Gjennomgang av protokoll frå førre styremøte.

#### Vedtak

Protokoll frå førre styremøte er godkjend.

Sak 56/17 **Open post**

Det vart orienterer om situasjonen i Landbruk Nord, der dei frå 1. januar 2018 vert utmeld av Norsk Landbruksrådgiving. Tenestesida vert vidareført som i dag, mens dei kjem til å tilby rådgjeving innan nokre områder.

Sak 57/17 **Rekneskap pr. 30. september 2017**

Frode Alfarnes gjekk gjennom viktige punkt i rekneskapen per 30. september.

Ut september ligg vi betre ann enn budsjettet. Det er ein del utgifter som ikkje er på plass endå. Det vil kome ein del ekstra kostnader ved strategiarbeidet. Kostnader med sjølve haustsamlinga og kurs i samband med dette er ikkje klart endå. Kostnader til løn i administrasjon er avhengig av kor mykje avspasering det vert råd å ta ut. Vi vil ikkje få rekning på kontingent frå Norsk Landbrukssamvirke i år. Inntekter på bil- og styreforsikring er ikkje fakturert ut endå, då vi venter på grunnlaget her.

#### Vedtak

Rekneskap er teke til etterretning.

Sak 58/17 **Gjennomføring av haustsamlinga**

#### Fordeling av arbeidsoppgåver

- |                      |                             |
|----------------------|-----------------------------|
| 1. Registrering;     | Linda Kristin, Bodil og Aud |
| 2. Ønskje velkomen;  | Harald, Finn Egil og Tor    |
| 3. Møteleiing dag 1; | Bodil                       |
| 4. Møteleiing dag 2; | Aud                         |
| 5. Oppsummering;     | Harald                      |
| 6. Årets avløyser;   | Harald                      |
| 7. Markering adm;    | Frode                       |
| 8. Toastmaster;      | Linda Kristin               |
| 9. Tilsettes time;   | Frode og Aud                |

10. Tillitsvaldes time; Tor Inge og Linda Kristin  
11. Styreleiar samling; Harald og Finn Egil  
12. Informasjon; Administrasjon

#### Andre saker

- ✓ Strategiplan
- ✓ Kontor
- ✓ Raud tråd
- ✓ Ansvar fylkesvis
- ✓ Registrering av deltakare på kurs
- ✓ Innlegg styrekurs
- ✓ Oppfølging av utsendingar
- ✓ Oppfølging av gjester og andre

#### Vedtak

Oppgåver og ansvarsområder er fordelt

Sak 59/17

#### **Strategiprosess i Norsk Landbrukssamvirke**

Norsk Landbrukssamvirke har starta sin eigen strategiprosess og ønskjer i samband med dette å få kjennskap til medlemene sine primære ønskjer/krav.

Dei er interessert i å få fram kva krav og ønskjer vi som medlemsorganisasjon har. Kva medlemsnytte har vi? Enkeltvis og som organisasjon. Kva skal vi jobbe med. Kva bidreg Norsk Landbrukssamvirke med. Kva kjerneområde skal dei arbeide med, og kva skal dei ikkje bruka tid på?

#### Vedtak

Det vert sett ned ei gruppe som arbeider vidare med innspel til Norsk Landbrukssamvirke. Arbeidsutvalet og Tor Inge Eidesen får ansvar for dette arbeidet.

Sak 60/17

#### **Orienteringssaker**

##### **A. Regionalt samarbeid – Norsk Landbrukssamvirke**

Framtidig modell for regionale samarbeidsråd er vedteke i Norsk Landbrukssamvirke. Det vert lagt opp til 7 samarbeidsråd i ulike regionar i landet. Vår organisasjon bør vera representert med tillitsvalde i dei ulike regionane. Dette er ein faktor som vi tar med inn i strategiarbeidet.

#### Vedtak

Orientering er teke til etterretning

Sak 61/17

#### **Referatsaker**

##### **A. Samling strategiplan**

Arbeidsgruppa som skal arbeide med strategiplanen hadde si første samling med Ola Jordhøy 18. oktober 2017. Denne gruppa består av Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Frode Alfarnes og Tor Skeie Olsen. Finn Egil refererte frå samlinga; Oppsummering av det som var fremma frå medlemene så langt. Fokus på felles mål og utfordringar. Etter haustsamlinga er vi ferdig med «innsamlingsprosessen» og ein må no prøve å samla trådane.

Det er viktig at vi får til eit felles eigarskap til strategiplanen. Måla er viktigare enn tiltaka. Haustsamling er utruleg viktig, for at alle sine mål skal komme fram. Vi må jobbe mot felles visjon og verdiar. Noko som alle kan ha eigarskap til. Målet er å samle alle medlemslaga. Neste samling i arbeidsgruppa er 29.november. Styret utfordrar gruppa til å tenke på eit slagord for visjon.

#### **B. Medlemsmøte i Norsk Landbrukssamvirke**

Styreleiar og dagleg leiar representerte NLT i medlemsmøtet. Møtet hadde fokus på det politiske landskapet no etter valet. Innleiarar var politisk kommentator Aslak Bonde, representant for Venstre Terje Breivik og leiar i Norges Bondelag Lars Petter Bartnes. I tillegg informerte Norsk Landbrukssamvirke om strategiarbeidet i organisasjonen.

#### **C. Førebygging av alvorlege dyretragediar**

Bodil representerer NLT i forumet. NLT brukte møtet til å fremma vårt ønskje om nok midlar i landbruksvikarordninga til at vi kan tilby gratis hjelp til bønder der det er naudsynt. Det er viktig at vi er representert og i dette foraet.

#### **D. Styremøte NHO Mat og Drikke**

Harald Lie representerte NLT på styremøtet. Hovudtemaet var den politiske situasjon etter stortingsvalet.

#### **E. EMR**

Romar Skeie Olsen og Frode Alfarnes deltok på EMR sitt årsmøte i York i England. I tillegg til sjølve årsmøtet var det lagt opp til informasjon om, og ekskursjonar til landbruket i England.

#### **F. Samarbeids- og dialogmøte - Arbeidstilsynet**

Frode Alfarnes representerte NLT i dette andre dialogmøtet som er i regi av Arbeidstilsynet. Intensjonen er at det skal arrangerast to møter i året. Arbeidstilsynet ønsker å informere om kva dei ser etter ved tilsyn, og vil ha organisasjonane i landbruket med på laget for at vi saman kan vera budd på tilsynet. Medlemslag som får tilsyn opplever at det er stor forskjell på kva arbeidstilsynet har fokus på. Det er viktig at vi har rutinar for avvik og risikovurdering på plass. Vi arbeider for å få ein del overordna vurderingar på plass i løpet av året. Det er eit ønskje om å få arbeidstilsynet til å godkjenne KSL som ein bransjestandard.

#### **G. Møte referansegruppe - Landbruksdirektoratet**

Frode Alfarnes deltok på møte i referansegruppa nedsett av Landbruksdirektoratet etter vedtak i jordbruksforhandlingane i år. Referansegruppa skal vera til hjelp i arbeidet med å sjå på alternativ til kravet om 0,5G i næringsinntekt for å ha rett på tilskott ved sjukdom mv. I tillegg vert det vurdert om ein skal utvide målgruppa for ordninga i forhold til i dag.

#### **H. Møte NHO Mat og Drikke - HMS**

Som ein del av arbeidet med å få på plass rutinar i samband med tilsyn frå Arbeidstilsynet har Frode Alfarnes hatt møte Anne Brit Slettebø og Line Solhaug i NHO Mat og Drikke.

#### **Vedtak**

Referat er teke til etterretning

Sak 62/17

**Eventuelt  
Firkant i Bondebladet**

Aud Fossøy har skrive ein firkant i Bondebladet. Dette med landbruksvikarordninga engasjerer og det er viktig å bruke innlegga vi har til fremme positive saker. Vi får håpe at firkanten i Bondebladet vert lesen. Andre bør utfordrast til å kome med innspel til tema.

**Fjellandbrukskonferansen.**

Janne Gravem i Oppdal Landbrukstenester inviterer til Fjellandbrukskonferansen i samarbeid med Fjell og Oppdal landbrukssamvirke. Det er bestemt at Finn Egil Adolfsen representerer NLT på konferansen.

Referent; Trude Soma Augestad